

## **24.03.20 Melding frå kommuneoverlege Anne Ruth Syrtveit Mikalsen**

Enn så lenge har vi ikkje fått smitte av Covid-19 til Kviteseid kommune. Det er bra, men det er viktig at vi ikkje trur at vi slepp unna. Vi må vere forberedt på at vi og kan bli hardt ramma. Vi i helsevesenet og i resten av kommunen må vere klar for å ta imot og gje nødvendig hjelp til dei som treng det, når dei treng det. Eg vil difor på det sterkaste oppmode alle, og spessielt alle i helsessektoren, til å gjere alt dei kan for å unngå all form for spreiding av smitte av luftvegsinfeksjonar. Vi kan ikkje risikere at vi stend utan folk å setje inn i omsorg og pleie når pasientane etterkvart også er hos oss.

Hugs å overhalde alle hygieneanbefalingar. Hugs avstand til andre. Hugs å ikkje ha nærkontakt med andre. Vi er avhengige av et samarbeid for å komme gjennom denne situasjonen.